



**Referanser:**

**Arkivsak:** 25/00241-14

## **Val på Ungdommens kyrkjemøte 2025**

### **Sammendrag**

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte fleire val.  
Valkomiteén som vart valt på UKM 2025 har vore:

Kristina Rimstad, medlem DnkU.  
Amalie Nordgård Thomassen, Nord-Hålogaland.

Jannike B. Johannessen var medlem av valkomiteen inntil ho trekte seg i mai 2025.

### **Forslag til vedtak**

#### **Ungdommens kyrkjemøte velg**

4 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:

1 medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 1 år:

3 representantar til Kyrkjemøtet 2026:

2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2026:

### **Saksorientering**

### **Bakgrunn**

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2026. Kyrkjemøtet blir arrangert 20.–23. mars 2026 i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane skal UKM 2025 også velje vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser også til Kyrkjemøtet 2026. Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt. Utvalet skal bidra i førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte, og kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 4 medlemmar til DnkU for to år
- 1 medlem til DnkU for eitt år

Dei åra det ikkje er val på leiar, skal UKM velje 4 medlemmar til DnkU.

Fordi eitt medlem har søkt permisjon frå sitt verv ut perioden, må UKM velje eit nytt medlem. Det skal difor veljast 5 personar på årets UKM.

Vedkomande som blir valt for eitt år, overtek perioden til medlemmet som har gått ut i permisjon.

Valkomiteen til Ungdommens kyrkjemøte 2025 har ansvar for å finne kandidatar til vala under møtet.

For DnkU og representantar til Kyrkjemøtet 2026 gjeld det møteplikt.

Dette er forankra i at «*medlemmar av eit kyrkjeleg organ pliktar å delta i organet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall*», jf. kyrkjeordninga § 38 første ledd. Denne paragrafen gjeld også organa i ungdomsdemokratiet, og kjem direkte til uttrykk i § 38 tredje ledd.

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2026.

Det er høve til å ta attval til valkomiteen dersom ein er delegat til møtet.

DnkU nemner opp ein representant, og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen

## Økonomiske/administrative konsekvenser

Valte medlem av Den norske kyrkjes ungdomsutval får dekt reise og opphold i forbindelse med møta i utvalet.

Valte medlem til valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2026 får dekt reise og opphold i forbindelse med Ungdommens kyrkjemøte 2026.

Valte representantar til Kyrkjemøtet 2026 i Trondheim får dekt reise og opphold i forbindelse med Kyrkjemøtet 2026.